



## SAKSFRAMLEGG

### Budsjett 2026 - Økonomiplan 2027-2029

Utval	Møtedato	Utvallsak
Eldrerådet	18.11.2025	7/25
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	19.11.2025	9/25
Administrasjonsutvalet	20.11.2025	10/25
Formannskapet	20.11.2025	86/25
Arbeidsmiljøutval	25.11.2025	30/25
Kommunestyret	06.11.2025	72/25
Kommunestyret	04.12.2025	85/25

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør Laila Thorsen 06.11.2025.

### Vedlegg

- 1 Handlingsprogram og budsjett 2026. Økonomiplan 2027 - 2029
- 2 Detaljbudsjett 2026
- 3 Sjølvkost budsjettnotat - Kviteseid kommune 2026
- 4 Saksutskrift - Budsjett for kontrollarbeid 2026

### Faktiske tilhøve

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg vert presentert for kommunestyret 06.11.2025.

Vedlagt budsjettsaka fylgjer alle budsjettdokument og tabellar i tråd med lovverk.

Dersom utvala ynskjer å gje innspel til formannskapet si ordinære handsaming, så må utvalet sjølv formulere vedtak om dette.

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak står sist i budsjettdokumentet. Dette vert ikkje teke til realitetshandsaming før i formannskapet sitt møte 20.11.2025.

Etter møtet 20.11.2025 vert budsjett og økonomiplan lagt ut til offentleg ettersyn, før kommunestyret får det til endeleg handsaming 04.12.2025.

## Vurdering:

Kommunedirektøren sitt budsjett for 2026 og økonomiplan 2027 til 2029 er lagt fram i balanse. Rammene for dokumentet bygger på gjeldande budsjett og økonomiplan (2025-2028) og framlegg til statsbudsjett for 2026 Prop.1S (2024-2025)

Det er budsjettert med 1 100 000,- i skjønnsmidlar i 2026 med likt beløp i økonomiplanen.

Sjølv om budsjettet er i balanse er det ikkje berekraftig, det når ikkje måltal for netto driftsresultat eller storleik på disposisjonsfond. Kommunen sin økonomi har vore kritisk i fleire år.

Kommunedirektøren har foreslått å innføre eigedomsskatt i 5 av dei føregåande åra (frå 2021 til og med 2025) utan at det har blitt vedteke.

Kommunedirektøren kjem ikkje til å foreslå eigedomsskatt for budsjett 2026 og heller ikkje i økonomiplanen, sjølv om dette hadde vore inntekter som kunne stabilisert økonomien og på sikt og gjeve handlingsrom.

Kommunen har i det heile stabile og økonomisk godt drivne einingar, men fleire av einingane har utfordringar med å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Tenester som har vore utfordrande dei seinare åra har vore legetenesta, der det har vore utfordrande å få tak i legar, som har ført til store meirkostnadar knytt til kjøp av legetenester frå vikarbyrå. Det har og vore meirkostnadar knytt til kjøp av sjukeheimplassar i andre kommunar då ein ikkje har hatt plass på KOS. På KOS vart det i haust (2025) opna 2 ekstra rom utan å auke bemanninga, ein håpar at dette på kort sikt vil redusere noko på kjøp av plassar i andre kommunar.

For at kommunens økonomi skal vere berekraftig over tid, vil det ikkje vere nok at ein får ein økonomi i balanse, det er heilt naudsynt at ein også har eit overskot, slik at ein får styrka disposisjonsfondet til kommunen opp til vedteke måltal, som er eit disposisjonsfondet på minimum 5% eller meir av kommunens driftsinntekter.

### Netto driftsresultat $\geq$ 1,75%

Kommunedirektøren føreslår difor at ein i løpet av fyrste halvår 2026 gjennomfører eit prosjekt med mål om at ein frå 2027 skal nå måltalet om eit netto driftsresultat på 1,75% eller meir.

Under er det berekna kva dette utgjer i kroner (markert grønt):

	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
SUM DRIFTSINNTEKTER	-386 154 298	-382 767 978	-383 094 778
SUM DRIFTSUTGIFTER INKLUDERT AVSKRIVINGAR	393 023 479	391 031 748	392 340 987
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>6 869 181</b>	<b>8 263 770</b>	<b>9 246 209</b>
<b>NETTO FINANSUTGIFTER</b>	<b>9 010 000</b>	<b>9 907 000</b>	<b>10 156 000</b>
Motpost avskrivninger	-13 976 000	-15 347 000	-15 497 000
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>1 903 181</b>	<b>2 823 770</b>	<b>3 905 209</b>
<b>FORSLAG DRIFTRESULTAT I PROSENT AV DRIFTSINNTEKTERNE</b>	-0,49 %	-0,74 %	-1,02 %
<b>MÅLTAL FOR KVITSEID</b>	1,75 %	1,75 %	1,75 %
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT VED 1,75%</b>	<b>-6 757 700</b>	<b>-6 698 440</b>	<b>-6 704 159</b>
<b>ENDRA DRIFTSNIVÅ - REDUSERTE KOSTNADAR/AUKA INNTEKTER</b>	<b>-8 660 881</b>	<b>-9 522 210</b>	<b>-10 609 368</b>

Kommunen må endre driftsnivået med kr 8 670 000,- i 2027 kr 9 522 000,- i 2028 og 10 609 000,-

For å nå måltal på 1,75% netto driftsresultat av driftsinntektene.

Det er og heilt naudsynt å auke disposisjonsfondet til minimum vedteke måltal på 5% av driftsinntektene. Under er det berekna kva disposisjonsfondet burde vore på ved 5 og 10% (markert grønt) øvste rad syner kommunedirektørens forslag:

	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
<b>FORSLAG 2026 - ØKONOMIPLAN 2027 - 2029</b>	<b>-7 698 000</b>	<b>-6 244 000</b>	<b>-4 083 000</b>
<b>DISPOSISJONSFOND MÅLTAL 5%</b>	<b>-19 307 715</b>	<b>-19 138 399</b>	<b>-19 154 739</b>
<b>DISPOSISJONSFOND MÅLTAL 10%</b>	<b>-38 615 430</b>	<b>-38 276 798</b>	<b>-38 309 478</b>

Som oversynet viser er differansen på kr 11 610 000,- i 2027 til 15 072 000,- i 2029 mot det som er forslaget til kommunedirektøren.

### Sjølvkostområda

I økonomiplanen legg ein til grunn 100 % sjølvkostdekning på drift og kapitalkostnader gjennom sjølvkostregimet.


Frå 2025 til 2026 er det foreslått ein samla gebyrreduksjon på omlag 1 %, der feiing aukar mest i prosent med 48,3 %. Vatn reduserast mest med 20,1 %. I perioden 2024 til 2029 aukar samla gebyr med kr 1 776, frå kr 25 851,- i 2024 til kr 27 626,- i 2029. Dette svarar til ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 1,3 %.

Budsjett - og regneskapsforskrifta og sjølvkostføreskrifta, er endra, denne trer i kraft 01.01.2026 med verknad frå og med budsjett - og regneskapsåret 2026.

Samanfatta seier forskriftsendringa at maksimal avskrivningstid for leidningsnett vert auka frå 40 til 80 år. Kommunane skal og revurdere og eventuelt forlenge avskrivningstida for investeringar i leidningsnett som blei føretatt i 2025 og tidlegare, innafor maksimal avskrivningstid på 80 år. Kommunane skal revurdere og eventuelt forlenge avskrivningstida opp til 40 år for investeringar i forbrenningsanlegg, reinseanlegg, pumpestasjonar og høgdebasseng som blei føretatt i 2019 og tidlegare, innanfor maksimal avskrivningstid på 40 år.

Kviteseid har gjort ny vurdering særleg knytt til auke av avskrivningstid for leidningsnett frå 40 til 80 år. Dette har redusert gebyra på vatn og avlaup. Dei reduserte gebyrinntektene vert omlag kompensert med redusert avdrag på kommunens lån.

I gebyreksempelet under er det for vatn og avløp basert på eit årleg vassforbruk på 150 kubikkmeter. Gebyrsatsane er ekskl. mva.



Gebyrendring frå året før	2026	2027	2028	2029	2030
Vann	-20,1 %	-3,1 %	6,6 %	5,3 %	12,1 %
Avløp	4,7 %	3,2 %	1,6 %	1,6 %	2,3 %
Renovasjon	3,4 %	5,7 %	2,3 %	2,8 %	4,2 %
Slamtømming	25,6 %	13,1 %	9,9 %	8,1 %	2,8 %
Feiing	48,3 %	27,4 %	5,5 %	5,3 %	2,3 %
<b>Samla endring</b>	<b>1,0 %</b>	<b>4,3 %</b>	<b>4,0 %</b>	<b>3,7 %</b>	<b>4,7 %</b>

### Straumkostnadar og inntekter knytt til straum

Kviteseid har dei seinare åra satsa på fleire tiltak for å redusere energiforbruk i dei kommunale bygga. Prosjektet «drit i energi» der det er installert varmepumper som optimaliserer avløpsvatn frå Kviteseid reinseanlegg til oppvarming av KOS er ferdig. Det er dei siste åra bytta til led belysning på KOS og kommunehuset, dette er tiltak som har hatt stor effekt, og redusert straumforbruket.

I 2026 foreslår kommunedirektøren å bytte til led belysning på bygg som har eldre ljosarmatur innanfor føreslege ramme på kr 1. mill. I tillegg til at det er eit ENØK-tiltak er det naudsynt fordi ein ikkje får tak i delar. Det er og forslag om å legge solceller på fasaden til kommunehuset i samband med føreslått tiltak om å stoppe forvitring.

Av dei største inntektene Kviteseid kommune har knytt til straum, er utbytte frå Vest - Telemark kraftlag som vi eig 19% av, og sal av konsesjonskraft.

Signal kommunen har fått frå Vest – Telemark kraftlag er at utbyttet for 2026 vert likt som for 2025 kr 8 170 000,- Det er ikkje kome signal på kva ein kan forvente seg vidare i økonomiplanen, men det er liten

grunn til å forvente mindre utbytte, kommunedirektøren legg difor til grunn likt utbytte kvart år i økonomiplanen.

Kviteseid kommune har 11 547 MWh konsesjonskraft. Det er konsesjonskraftstyre i Telemark som har avtale om sal av kommunens konsesjonskraft.

Kommunens inntekter på sal av konsesjonskraft er budsjettert etter prognose frå konsesjonskraftstyret i Telemark med kr 6,4 mill. i 2026, 5,2 mill. i 2027, kr 4,9 mill. i 2028 og kr 4,9 mill. i 2029.

Avtala kommunen har med konsesjonskraftstyre, vedtok kommunestyret å sei opp frå 2027. Kommunedirektøren vil kome attende til kommunestyre med eiga sak knytt til dette vedtaket.

Konsesjonskraftinntektene til Kviteseid kommune utgjer inntektene i det frie næringsfondet. Dette er inntekter som ikkje er bunde opp, det er kommunestyret som avgjer bruken av desse.

### Ukraina

Flyktingtenesta vart bygd opp i løpet av 2022/23 med 2.tilsette, på samla 1,4 årsverk. I 2025 har det vore 40% stilling knytt til dette arbeidet. Kommunedirektøren anslo til IMDI at vi kunne ta imot inntil 6 personar i 2026.

Kommunen har ikkje fått noko tildeling frå IMDI for 2026, kommunedirektøren budsjettera soleis med ingen nye flykningar frå 2026 og ut i økonomiplanen. Flyktingtenesta er difor budsjettert avvikla frå 2028.

### Soknerådet

Det er ikkje kome noko forslag til budsjett verken for drift eller investering frå soknerådet i år, Kommunedirektøren har etter dialog med kyrkjeverje forslått ei auke til soknerådet lik kommunal deflator på 3,5%, berekna til kr 142 300,-

### Kviteseid Frivilligsentral og tilskot til utlånssentralen

Kommunestyre vedtok i budsjett for 2024 at det kommunale tilskotet til frivilligsentralen skulle fullfinansiere den lokale delen som skal vere minst 40% av dei totale driftsinntektene.

For 2026 har regjeringa foreslått kr 280,23 mill. i tilskot til frivilligsentralane i Noreg. Det er godkjent 589 søknadar til frivilligsentralar i Noreg for 2026, dette utgjer eit tilskot på kr 475 000,- per sentral. Det er difor konsekvensjustert at tilskot frå staten for 2026 vert 475 000,- Kommunalt tilskot er berekna til kr 320 000,- som er 40% av dei totale inntektene. Vedteke tilskot til utlånssentralen er vidareført med kr 180 000,-

### **Andre føreslegne tiltak:**

#### Kviteseid skule

Det er forslått å redusere ramma til Kviteseid skule med berekna netto kostnad i økonomiplanen for redusert kostnad knytt til einskildvedtak. Dette er berekna til kr 50 000,- i 2027, kr 833 000,- i 2028 og kr 630 000,- i 2029

Skulen har og gjort ei vurdering knytt til å redusere kostnadar til lisensar, dette er berekna til ei innsparing på kr 50 000,- frå 2026 og vidare i økonomiplanen. Vidare er det foreslått å redusere kostnad bevertning til kurs og møter med kr 10 000,- frå 2026 og vidare i økonomiplanen.

### Kulturskulen

Det er foreslått å redusere ramma til kulturskulen med kr 292 000 i 2026,- som gjeld ei 30% vakant stilling.

### Politisk verksemd

Kommunedirektøren foreslår å innfører dialogmøte i 2026, eit kvalitetstiltak som ledd i budsjettarbeidet.

Kommunedirektøren foreslår kr 33 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen, som i det heile gjeld godtgjersle til politikaren, slik at dei kan kome ut på einingane, møte tilsette og få informasjon om tenesta ute på einingane. Etter dialogmøta vil kommunedirektøren ha prioriteringsdebatt i kommunestyret, som innspel til kommunedirektørens budsjett.

Det er foreslått bruk og avsetning av disposisjonsfond ved å avsette kr 1 789 122,- i 2026, bruke kr 1 225 031,- i 2027, bruke kr 1 548 620,- i 2029 og bruke kr 2 256 059,- i 2029

### Kommunedirektøren

Kommunedirektøren foreslår å innføre ny digital rekrutteringsløyseing, som vil gje større kvalitet og effektivisere arbeidet. Kostnadane er berekna til kr 85 000,- i innføringsåret 2026 og kr 50 000,- frå 2027 og vidare i økonomiplanen.

### Fellestenestene

Dette forslaget er eit fellesprosjekt for alle kommunane i Vest-Telemark. Det gjeld auka tryggleik knytt til data trafikk. Prosjektet inneheld 24/7 overvaking SOC teneste (Security Operations Center) inkludert MDR (Managed Detection and Response)

Prosjektet er anbefalt av VTDS og fylgjer nasjonale og internasjonale anbefalingar og har ei berekna kostnad til kr 475 000,- i 2026 og kr 455 000,- i 2027 og vidare i økonomiplanen.

Det er vidare foreslått å bli med i fellesprosjekt som gjeld alle kommunane i Vest-Telemark til å ta i bruk KI teknologi. Dette er planlagt innført i 2026 der Kviteseid sin kostnad er berekna til kr 136 000,-

Prosjektet går ut på:

- a) Sikring av data i Microsoft 365 miljøet (Outlook, SharePoint, OneDrive, Teams, Co Pilot)
- b) Test av Co Pilot i bruk av pilotgruppe på 50 pilotbrukarar.

Det er vidare i økonomiplanen lagt inn auka lisenskostnadar berekna til kr 60 000,-

### Sektorleiing Velferd

Kommunedirektøren foreslår å redusere ramma til sektorleiing velferd med kr 809 713,- i 2026. Som gjeld ein vakant stilling der ein ikkje leiger inn vikar.

### Kviteseid omsorgssenter

Kommunedirektøren foreslår å styrke ramma med kr 100 000,- i 2026 og 2027 som gjeld auka kostnad til kjøp av sjukeheimsplassar i andre kommunar.

### Heimetenestene

Det er foreslått eit tiltak om kjøp av blærescanner til heimesjukepleia i 2026 berekna til kr 35 000,-. Då stadig fleire pasientar treng denne tenesta. Til no har ein lånt apparatet frå KOS, men dette er ikkje ei berekraftig løysing sidan dei og har hyppig behov for utstyret.

Det er og foreslått å redusere ramma til heimetenesta frå 2028 med kr 700 000,- og vidare i økonomiplanen. Dette er eit tiltak som heng saman med foreslått tiltak på investering til nye omsorgsbustadar ved KOS. Det er berekna at heimetenesta vil få mindre reisetid som vil medføre ei effektivisering berekna til omlag ei stilling frå 2028.

Det vert føreslått at kommunen byter alarmsentral frå Carium til Trygghetssentralen i Skien. Kostnaden for dette vil vere ca. 93 kr per innbyggjar. Dette er ein del av eit interkommunalt samarbeid mellom alle Vest-Telemark-kommunane, som no går for same løysing. Ved å velje denne løysinga vil vi betale for heile produktet, i staden for å betale for einskildtenester. Kostnaden er berekna til netto kr 130 000,- frå 2026 og vidare i økonomiplanen.

Det er og foreslått å redusere kostnad til leige av transportmiddel, dette tiltaket heng saman med forslag til investering om å kjøpe ut bilen som vert nytta til transport av hjelpemiddel i kommunen. Dette er berekna til kr 120 000,- frå 2027 og vidare i økonomiplanen.

Kommunedirektøren foreslår og å styrke ramma til heimetenesta i 2026 med kr 40 000,- som gjeld kjøp av vinterjakker, då tilsette i heimetenestene er mykje ute ved med blant anna flytting av pasientar.

Kommunedirektøren foreslår å vidareføre vedteke reduksjon av ramma til heimetenestene med kr 720 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen. Innsparinga er knytt til vakante stillingar og permisjonar der det ikkje vert leigd inn vikar.

#### Tilrettelagde tenester

Kommunedirektøren foreslår å vidareføre vedteke redusert ramma til tenesta med kr 500 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen.

Innsparinga er knytt til vakante stillingar og manglande rekruttering av fagkompetanse.

#### Samfunnsutvikling og teknisk drift

Det er foreslått å auke ramma til vedlikehald med kr 500 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen. Dette grunna at kommunens bygg har eit stort etterslep på utvendig vedlikehald. Auken skal nyttast til konkrete vedlikehaldsprosjekt. Dette er og eit valt tiltak då ein ikkje har konsekvensjustert auka vedlikehaldskostnaden pr. bygg i 2026 men valt å prolongere 2025 tala.

Det er vidare foreslått å redusere ramma til reinhald med kr 50 000,- som gjeld vakant 10% stilling til september 2026.

#### **Tiltak som ikkje er valt i kommunedirektørens forslag**

##### Kviteseid skule

##### **Opplæring og øving i utfordrande atferd jf. forskrift om utførelse av arbeid § 23a-2. Kr 100 000,- i 2026**

Eininga sitt innspel: I AMU vart det i møte 10.06.2025 (PS 1125) vedtatt følgjande:

Arbeidsmiljøutvalet ber arbeidsgjevar om å sørge for at tilsette ved skulen som i sitt arbeid kan bli utsette for vald eller trugsmål.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, men ber eininga finne løysing innanfor ramma.

##### Kviteseid omsorgssenter

##### **Hagemøblar kr 40 000,- i 2026.**

Eininga sitt innspel: Treng fornying av hagemøblar som er slite og på veg til å bli øydelagt.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, då ein kan sjå dette som eit større prosjekt i samband med foreslått investering nye omsorgsbustadar ved KOS

### **Inventar og møblar pasientrom kr 100 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen**

Eininga sitt innspel: Det er mykje gammalt av møblar i pasientroma. Mykje av møblar og inventar er frå byggeåret 1995.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, då ein kan sjå dette som eit større prosjekt i samband med foreslått investering nye omsorgsbustadar ved KOS

### **Sparkesyklar kr 15 000,- i 2026**

Eininga sitt innspel: Ynskjer sparkesyklar som nattevakter kan nytte, då dei berre er 2 stykk på natt og har mykje gåing. Dette kan bidra til å redusere helseplager.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, eininga kan prioritere dette innafor ramma.

### Vrådal barnehage

### **Auka styrarressurs kr 200 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen**

Eininga sitt innspel: Einingsleiar i Vrådal søker om å få auka leiarressursen sin frå 40 til 60%.

Slik det er no blir mykje av vikarbudsjetten brukt opp til å sette inn folk på avdelinga når leiar må på møte.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, men legg opp til at møter der einingsleiar må delta, vert i størst mogleg grad lagt til dagens administrasjonsdagar

### Fellestenesta

### **Tilpassa arkivhyller til arkivet til avdeling x kr 10 000,- i 2026**

Eininga sitt innspel: Dette er eit brannsikkert og moderne arkiv som tidlegare vart nytta av NAV.

Hyllene er ikkje tilpassa kommunens behov. Teng difor nye hyller for at dette kan nyttast.

Med dette på plass vil det meir effektivt for arkivleiar, som slepp og gå opp og ned til arkivet i kjellaren.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, eininga kan prioritere dette innafor ramma.

### Helsetenester

### **Hjelpemiddel korttidslager kr 30 000,-**

Eininga sitt innspel: Eit korttidslager av enkle hjelpemiddel gjer at ergoterapeut og tenestene raskt kan møte akutte behov, medan ein ventar på søknad og levering.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, eininga kan prioritere dette innafor ramma.

### **Turnusfysioterapeut kr 615 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen**

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn grunna kommunes behov om reduserte driftsutgifter.

### Heimetenestene

### **Hagemøblar kr 25 000,- i 2026**

Eininga sitt innspel: Treng innkjøp av nye hagemøblar til dagsenter då noko av det me har er øydelagde og på veg til å bli øydelagde

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn, då ein kan sjå dette som eit større prosjekt i samband med foreslått investering nye omsorgsbustadar ved KOS

### Samfunnsutvikling og teknisk drift

### **100% stilling vaktmester kr 700 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen**

Eininga sitt innspel: Er behov for å styrke bemanning. Teknisk har svært travle dagar og rekk ikkje alt som skal gjerast. Kan og gjere meir av arbeidet sjølv utan å leige inn til dette.

Kommunedirektøren tek ikkje dette inn grunna kommunes behov om reduserte driftsutgifter.

### **Foreslått tiltak på investering i 2026 og økonomiplan 2027 - 2029:**

#### Oppgradering av kommunale vegar

Det er foreslått kr 2 500 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen.

Kommunedirektøren foreslår dette, då det er stort vedlikehaldsetterslep på veg og kommunale bruer.

#### Fasaden kommunehuset – solceller

Det er foreslått kr 1 500 000,- i 2026 til fasaden av kommunehuset og stoppe vidare forvitring, i forslaget er det og inne solcellepanel som skal nyttas til å dekke delar av fasaden på kommunehuset.

#### Bytte ljøsarmatur til led

Det er foreslått og bytte ljøsarmatur til led på fleire bygg innanfor ramma. berekna til kr 1 000 000,- i 2026 og vidare i 2027 og 2028.

#### Gateljos eigenandel 40% av kostnaden i 2026

Dette er ei vidareføring av prosjekt knytt til aksjon trygg skuleveg som starta i 2025. Det er foreslått finansiering av Kommunens eigenandel som er 40% av kostnadane. Berekna til kr 500 000,- i 2026 Vegane det er søkt om tiltak til er dei kommunale vegane som er rundt Kviteseid skule.

#### Vrådal sentrum – reguleringsplan Graver

Kommunen kjøpte eit areal på omlag 11. mål i Vrådal sentrum til utvikling av bustadtomter i 2025. I 2026 er det foreslått at ein kjem i gang med reguleringsplan berekna til kr 300 000,-

#### Omsorgsbustadar KOS

Det er foreslått å bygge 12 omsorgsbustadar i tilknytning til KOS. Bygget er og planlagt å romme kommunens behov for dagsenter i tillegg.

Prosjektet er berekna å koste kr 5 000 000,- i 2026 og kr 55 000 000,- i 2027. Det er berekna finansiert med investeringstilskot frå Husbanken med kr 30 000 000,- momskompensasjon og framtidige husleiger.

#### Energisparingstiltak

Prosjekt knytt til energisparingstiltak på kr 1 500 000,- er foreslått vidareført i 2026 og vidare i økonomiplanen.

#### Kjøp av tomteareal ved Stålandåsen

Det er foreslått å kjøpe areal tilknytt Stålandsåsen, som vil gje kommunen fleire tomter.

Prosjektet er berekna til kr 920 000,- i 2026.

#### Alarmanlegg KOS

Det er stort behov for nytt alarmanlegg ved KOS, dette er berekna å koste kr 300 000,- i 2026.

#### Solskjerming

Det er foreslått prosjekt solskjerming på KOS og Lundenjordet, dette er berekna til kr 500 000,- i 2026.

#### KOS - oppgradering inngangsparti kjellar/hovuddør

Det er foreslått å oppgradere inngangspartiet i fyrste høgda ved KOS, berekna til kr 200 000,-

#### Ventilasjonsanlegg kommunehus

Det er foreslått å rehabilitere og installere nytt ventilasjonsanlegg på den eldste delen av kommunehuset. For å få til det må ein opne taket. Berekna kostnad kr 1 500 000,- er inkludert takrenovasjon.

#### Utkjøp VITO - hjelpemiddelbil Heimetenesta

Det er foreslått å kjøpe ut bil som vert nytta til transport av hjelpemiddel, då teknisk vurderte dette som økonomisk betre enn å inngå ny leasingavtale. Berekna til kr 500 000,-

#### Lager kommuneverkstaden

Det er foreslått eit lager ved verkstaden til utstyr som i dag vert lagra ute. Berekna kostnad kr 150 000,-

#### KOS - nye senger

Det er behov for å skifte ut ein del eldre senger ved KOS, Det er foreslått at det vert kjøpt inn nye senger opp til foreslått ramma på kr 100 000,-

#### Biblioteket - Skjermar, lydutstyr og skiljevegg

Det er foreslått at nytt bibliotek får oppgradert med nye skjermar, lydutstyr og skiljevegg opp til ramma på kr 100 000,-

#### Brygga - Ventilasjon og oppvaskmaskin

Det er foreslått oppgradering av ventilasjonsanlegget og ny oppvaskmaskin. Berekna kostnad kr 100 000,-

#### Kviteseid barnehage nytt kjøkken

Kommunedirektøren foreslår eit prosjekt nytt kjøkken ved Kviteseid barnehage, berekna til kr 200 000,- i 2026

#### Opprusting uteområdet på småskulen i Kviteseid

Det er foreslått å vidareføre prosjektet frå 2025 med kr 200 000,-

#### Føreslåtte tiltak innan V/A

Saneringsplan Vrådal er foreslått vidareført i 2026 og vidare i økonomiplanen med kr 2 500 000,- .

Saneringsplan, Vrådal utviding private anlegg er det berekna kostnad kommunens del kr 2 000 000,- i 2026 og 2 000 000,- i 2027

V/A Stålandsåsen er foreslått med kr 1 900 000,- i 2026 og kr 3 000 000,- i 2027 og 2028. Tiltaket vil gje grunnlag til å utvikle Stålandsåsen som eit nytt kommunalt bustadfelt

Saneringsplan Kviteseid er foreslått med kr 2 750 000,- i 2026 og vidare i økonomiplanen.

Reinseanlegg – slambehandling, er eit foreslått tiltak som vil gje mindre lukt i tillegg til at det er eit godt HMS tiltak, berekna kostnad kr 1 000 000,- i 2026

Sikring vassverk/reinseanlegg er beredskapsprosjekt for å sikre kommunens anlegg ved straumutfall/innbrot/brann. Berekna kostnad kr 1 000 000,- i 2026

Kommunedirektøren foreslår å vidareføre innlån frå husbanken til startlån på kr 5 mill. kvart år i økonomiplanen.

## **Foreslått finansiering av tiltak på investering 2026:**

Finansiering av prosjekta i 2025 foreslår kommunedirektøren eit låneopptak på kr 21 306 000,- kr 1 000 000,- sal av tomter, kr 3 414 000,- i momskompensasjon kr 862 000,- overføring frå drift og kr 2 500 000,- investeringstilskott frå Husbanken

## **Kommunedirektøren sin tilråding:**

### **1. Handlingsprogram og økonomiplan**

Handlingsprogram og budsjett 2026 og økonomiplan 2027 – 2029 skal leggjast til grunn for Kviteseid kommune si verksemd i perioden.

### **2. Sjølvkostområder**

Kviteseid kommune skal ha 100 % kostnadsdekning for inneverande og framtidige år. Vedtaket gjeld følgjande områder: vatn, avløp og feiing. Området slamtømming og renovasjon er regulert av gjeldande lovverk.

### **3. Gebyr, avgifter brukarbetaling**

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med tabellar i budsjettframlegget. Gebyr knytt til saker etter plan- og bygningslova og delingslova blir vedteke i eiga sak som følgjer budsjettet.

### **4. Inntektsramme for drifta**

Driftsbudsjettet for 2026 vert vedteke slik det går fram av skjema bevilgningsoversikt drift og økonomisk oversikt etter art - drift

### **5. Investeringar.**

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2026 i tråd med tabellane bevilgningsoversikt – Investering og detaljert oversyn investeringar med finansiering i budsjettframlegget.

### **6. Låneopptak**

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på inntil 21 306 000 ,- i 2026 og startlån på kr 5 000 000,-

### **7. Eigedomsskatt**

- For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.
- Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
- Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.

### **8. Netto driftsresultat $\geq$ 1,75%**

For at kommunens økonomi skal vere berekraftig over tid, vil det ikkje vere nok at ein får ein økonomi i balanse, det er heilt naudsynt at ein også har eit overskot, slik at ein får styrka disposisjonsfondet til kommunen opp til vedteke måltal, som er eit disposisjonsfondet på minimum 5% eller meir av kommunens driftsinntekter.

Kommunedirektøren foreslår difor at ein i løpet av fyrste halvår 2026 gjennomfører eit omstillingsprosjekt med mål om at ein frå 2027 skal nå måltalet om eit netto driftsresultat på 1,75% eller meir.

Prosjektet skal gjennomførast vinter/vår 2026 med politisk sak våren 2026. Prosjektet skal gje føringar for budsjettarbeidet 2027. økonomiplan 2028 - 2030

## **Eldrerådet si handsaming av sak 7/2025 i møtet den 18.11.2025**

### **Handsaming i Eldrerådet 18.11.2025**

Eldrerådet diskuterte seg fram til fylgjande uttale:

1. Eldrerådet meiner det er veldig positivt med prosjekt omsorgsbustader på KOS med dagsenter
2. Eldrerådet vil peike på viktigheita av at Kviteseid kommune har eit berekraftig årsbudsjett og økonomiplan
3. Eldrerådet er positive til at det er opna to pasientrom til no i haust

Uttala frå eldrerådet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Eldrerådet 18.11.2025**

1. Eldrerådet meiner det er veldig positivt med prosjekt omsorgsbustader på KOS med dagsenter
2. Eldrerådet vil peike på viktigheita av at Kviteseid kommune har eit berekraftig årsbudsjett og økonomiplan
3. Eldrerådet er positive til at det er opna to pasientrom til no i haust

---

## **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 9/2025 i møtet den 19.11.2025**

### **Handsaming i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 19.11.2025**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne diskuterte seg fram til fylgjande uttale:

1. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner det er veldig positivt med prosjekt omsorgsbustader ved KOS med dagsenter
2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil peike på viktigheita av at Kviteseid kommune har eit berekraftig årsbudsjett og økonomiplan
3. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at vaktmeisterressursen bør aukast
4. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det må bli sett av kr. 750.000 til oppussing av leilegheit på Lundenjordet når noko flyttar ut

Uttala vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 19.11.2025**

4. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner det er veldig positivt med prosjekt omsorgsbustader ved KOS med dagsenter

5. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil peike på viktigheita av at Kviteseid kommune har eit berekraftig årsbudsjett og økonomiplan
6. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at vaktmeisterressursen bør aukast
7. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det må bli sett av kr. 750.000 til oppussing av leilegheit på Lundenjordet når noko flyttar ut

## Administrasjonsutvalet si handsaming av sak 10/2025 i møtet den 20.11.2025

### Handsaming i Administrasjonsutvalet 20.11.2025

Utdanningsforbundet v/Villy Aufles kom med følgjande forslag til endringar:

1. Utdanningsforbundet, foreslår å ikkje ta 50000 på ramma slik at skulen har litt pengar til «Opplæring og øving i utfordrande atferd jf. forskrift om utførelse av arbeid § 23a-2.»
2. Saka om utvida administrasjonstid i Vrådal barnehage: Sfs2201 pkt 3.1.1.

Utdanningsforbundet foreslår å ta inn tiltaket med å auke leiarressursen til 60% i Vrådal barnehage

### Vedtak i Administrasjonsutvalet 20.11.2025

Saka vart tatt til vitande

## Formannskapet si handsaming av sak 86/2025 i møtet den 20.11.2025

### Handsaming i Formannskapet 20.11.2025

Stian Hauge og Tarjei Draugedal la fram SP/KRF/H sitt budsjettframlegg

	2026	2027	2028	2029
Anna undervisning	kr 43 317	kr 110 676	kr 223 319	kr 223 245
Kviteseid skule	kr 319 012	kr 769 338	kr 1 519 503	kr 1 527 511
Vrådal barnehage	kr 32 448	kr 78 358	kr 158 108	kr 158 056
Brunkeberg barnehage	kr 100 335	kr 242 298	kr 488 901	kr 488 739
Kviteseid barnehage	kr 86 419	kr 208 693	kr 421 095	kr 420 955
Politisk verksemd	kr 83 354	kr 205 494	kr 406 156	kr 414 502
Kommunedirektør	kr 133 846	kr 320 625	kr 521 164	kr 520 991
Fellestenestene	kr 122 282	kr 293 301	kr 591 815	kr 591 618
Sektorleiing Velferd	kr 82 548	kr 216 177	kr 436 196	kr 436 051
Helsetenester	kr 263 640	kr 634 624	kr 1 280 526	kr 1 280 101
Kviteseid omsorgsenter	kr 293 399	kr 708 524	kr 1 425 446	kr 1 424 972
Heimetenestene	kr 195 789	kr 468 755	kr 916 476	kr 916 171
Kjøken og vaskeri	kr 40 461	kr 97 708	kr 197 153	kr 197 087
Tilrettelagde tenester	kr 289 035	kr 697 986	kr 1 408 377	kr 1 407 909
Samfunnsutvikling og teknisk d	kr 414 115	kr 997 442	kr 2 016 763	kr 2 016 092
	kr 2 500 000	kr 6 050 000	kr 12 011 000	kr 12 024 000

Drift	2026	2027	2028	2029
Redusert drift omstilling, KI og tverrgående arbeidsfordeling (0,5 - 5%)	kr (2 500 000)	kr (6 050 000)	kr (12 011 000)	kr (12 024 000)
Justert pris sal av konsesjonskraft		kr 1 140 349	kr 1 449 347	kr 1 449 347
Saldering av strøm frå næringsfondet	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
Ingen parellklasser frå 2028			kr (390 000)	kr (945 000)
Inntekter omsorgsbustadar		kr (590 400)	kr (2 361 600)	kr (2 361 600)
Heildøgnbemanna omsorgsbustadar			kr 4 500 000	kr 4 500 000
Auka kapasitet Straumsnes barnehage vår 2026	kr 250 000			
Planlegge og etablere SFO i Vrådal	kr 50 000	kr 208 333	kr 500 000	kr 500 000
Redusert straumforbruk 0.5GWh pga energinvesteringar	kr 170 000	kr 340 000	kr 510 000	kr 510 000
Absoluttprogrammet - Del 2 - Laget rundt bornet 0-1000	kr 450 000	kr 900 000	kr 900 000	kr 900 000
Utbytte VTK	kr (1 500 000)	kr (300 000)	kr (300 000)	kr (300 000)

Investeringar	2026	2027	2028	2029
Stålandåsen Kviteseid	kr (2 500 000)	kr (2 500 000)		
Gravir Vrådal		kr (2 500 000)		
Fasade kommunehuset	kr 1 500 000			
Sentrumsutvikling Kviteseid	kr (500 000)	kr (2 500 000)		
Tømmestasjon bobil Kviteseid	kr (200 000)			
Ultralydapparat legekantoret	kr (100 000)			
Renovering leilighet Lundenjordet ved behov	kr (750 000)			

Solveig N Grave la fram AP sitt budsjettframlegg:  
*Politisk virksamhet reduseres med 5% ( Lønn ordfører, varaordfører, møtegodtgjørelser) .  
 Dette gir 100 000,- som legges inn til bruk til Prosjekt 1,75 og skal brukes til ekstern bistand i arbeidet.  
 Utover dette støtter Kviteseid AP kommunedirektørens framlegg til budsjett og økonomiplan.*

Gunnar Ruud H fremma følgjande tilleggsframlegg:  
*Evt ekstra rammetilskot knytt til statsbudsjett 2026 vert tilført disposisjonsfondet*

#### Voteringar

<b>Innstilling kommunedirektøren mot Forslag frå Sp, H og KrF</b>	Forslag frå Sp, H og KrF
<b>Innstilling kommunedirektøren 2</b>	<b>Forslag frå Sp, H og KrF 5</b>
<b>ARBEIDARPARTIET (2/2)</b> Bjørn Håvard Olsen Solveig Nekstad Grave	<b>KRISTELEG FOLKEPARTI (2/2)</b> Tarjei Andreas Draugedal Ellen Eggebø Jore  <b>SENERPARTIET (2/2)</b> Stian Hauge Dordi Iren Fosse Didriksen  <b>HØGRE (1/1)</b> Gunnar Ruud

<b>Forslag frå Ap – reduksjon politisk verksemd-ekstern bistand</b>	Fallen
<b>FOR 2</b>	<b>MOT 5</b>
<b>ARBEIDARPARTIET (2/2)</b> Solveig Nekstad Grave Bjørn Håvard Olsen	<b>KRISTELEG FOLKEPARTI (2/2)</b> Ellen Eggebø Jore Tarjei Andreas Draugedal  <b>SENERPARTIET (2/2)</b> Dordi Iren Fosse Didriksen Stian Hauge  <b>HØGRE (1/1)</b> Gunnar Ruud

<b>Forslag frå G. Ruud (H) – disponering eventuelt ekstra rammetilskot</b>	Vedteke
--	---------

FOR 7	MOT 0
<b>ARBEIDARPARTIET (2/2)</b> Solveig Nekstad Grave Bjørn Håvard Olsen  <b>SENERPARTIET (2/2)</b> Stian Hauge Dordi Iren Fosse Didriksen  <b>KRISTELEG FOLKEPARTI (2/2)</b> Tarjei Andreas Draugedal Ellen Eggebø Jore  <b>HØGRE (1/1)</b> Gunnar Ruud	

## Vedtak i Formannskapet 20.11.2025

Endringer i forhold til kommunedirektøren sitt budsjettforslag for 2026 og økonomiplan 2027 -2029

	2026	2027	2028	2029
<b>Anna undervisning</b>	kr 43 317	kr 110 676	kr 223 319	kr 223 245
<b>Kviteseid skule</b>	kr 319 012	kr 769 338	kr 1 519 503	kr 1 527 511
<b>Vrådal barnehage</b>	kr 32 448	kr 78 358	kr 158 108	kr 158 056
<b>Brunkeberg barnehage</b>	kr 100 335	kr 242 298	kr 488 901	kr 488 739
<b>Kviteseid barnehage</b>	kr 86 419	kr 208 693	kr 421 095	kr 420 955
<b>Politisk verksemd</b>	kr 83 354	kr 205 494	kr 406 156	kr 414 502
<b>Kommunedirektør</b>	kr 133 846	kr 320 625	kr 521 164	kr 520 991
<b>Fellestenestene</b>	kr 122 282	kr 293 301	kr 591 815	kr 591 618
<b>Sektorleing Velferd</b>	kr 82 548	kr 216 177	kr 436 196	kr 436 051
<b>Helsetenester</b>	kr 263 640	kr 634 624	kr 1 280 526	kr 1 280 101
<b>Kviteseid omsorgsenter</b>	kr 293 399	kr 708 524	kr 1 425 446	kr 1 424 972
<b>Heimetenestene</b>	kr 195 789	kr 468 755	kr 916 476	kr 916 171
<b>Kjøken og vaskeri</b>	kr 40 461	kr 97 708	kr 197 153	kr 197 087
<b>Tilrettelagde tenester</b>	kr 289 035	kr 697 986	kr 1 408 377	kr 1 407 909
<b>Samfunnsutvikling og teknisk di</b>	kr 414 115	kr 997 442	kr 2 016 763	kr 2 016 092
	kr 2 500 000	kr 6 050 000	kr 12 011 000	kr 12 024 000

Drift	2026	2027	2028	2029
Redusert drift omstilling, KI og tverrgående arbeidsfordeling (0,5 - 5%)	kr (2 500 000)	kr (6 050 000)	kr (12 011 000)	kr (12 024 000)
Justert pris sal av konsesjonskraft		kr 1 140 349	kr 1 449 347	kr 1 449 347
Saldering av straum frå næringsfondet	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
Ingen parellklasser frå 2028			kr (390 000)	kr (945 000)
Inntekter omsorgsbustadar		kr (590 400)	kr (2 361 600)	kr (2 361 600)
Heildøgnsbemanna omsorgsbustadar			kr 4 500 000	kr 4 500 000
Auka kapasitet Straumsnes barnehage vår 2026	kr 250 000			
Planlegge og etablere SFO i Vrådal	kr 50 000	kr 208 333	kr 500 000	kr 500 000
Redusert straumforbruk 0.5GWh pga energinvesteringar	kr 170 000	kr 340 000	kr 510 000	kr 510 000
Absoluttprogrammet - Del 2 - Laget rundt bornet 0-1000	kr 450 000	kr 900 000	kr 900 000	kr 900 000
Utbytte VTK	kr (1 500 000)	kr (300 000)	kr (300 000)	kr (300 000)
<b>Investeringar</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>	<b>2029</b>
Stålandåsen Kviteseid	kr (2 500 000)	kr (2 500 000)		
Gravir Vrådal		kr (2 500 000)		
Fasade kommunehuset	kr 1 500 000			
Sentrumsutvikling Kviteseid	kr (500 000)	kr (2 500 000)		
Tømmestasjon mobil Kviteseid	kr (200 000)			
Ultralydapparat legekantoret	kr (100 000)			
Renovering leilighet Lundenjordet ved behov	kr (750 000)			

## Verbalforslag

Evt ekstra rammetilskot knytt til statsbudsjett 2026 vert tilført disposisjonsfondet

1. Handlingsprogram og økonomiplan Handlingsprogram og budsjett 2026 og økonomiplan 2027 – 2029 skal leggast til grunn for Kviteseid kommune si verksemd i perioden.
2. Sjølvkostområder Kviteseid kommune skal ha 100 % kostnadsdekning for inneverande og framtidige år. Vedtaket gjeld følgjande områder: vatn, avløp og feiing. Området slamtømming og renovasjon er regulert av gjeldande lovverk.
3. Gebyr, avgifter brukarbetaling Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med tabellar i budsjettframlegget. Gebyr knytt til saker etter plan- og bygningslova og delingslova blir vedteke i eiga sak som følgjer budsjettet.
4. Inntektsramme for drifta Driftsbudsjettet for 2026 vert vedteke slik det går fram av skjema bevilgningsoversikt drift og økonomisk oversikt etter art - drift
5. Investeringar. Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2026 i tråd med tabellane bevilgningsoversikt – Investering og detaljert oversyn investeringar med finansiering i budsjettframlegget.
6. Låneopptak Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på inntil 23 846 000 ,- i 2026 og startlån på kr 5 000 000,-
7. Eigedomsskatt • For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c. • Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd. • Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.
8. Netto driftsresultat  $\geq 1,75\%$  For at kommunens økonomi skal vere berekraftig over tid, vil det ikkje vere nok at ein får ein økonomi i balanse, det er heilt naudsynt at ein også har eit overskot, slik at ein får styrka disposisjonsfondet til kommunen opp til vedteke måltal, som er eit disposisjonsfondet på minimum 5% eller meir av kommunens driftsinntekter. Kommunedirektøren føreslår difor at ein i løpet av fyrste halvår 2026 gjennomfører eit omstillingsprosjekt med mål om at ein frå 2027 skal nå måltalet om eit netto driftsresultat på 1,75% eller meir. Prosjektet skal gjennomførast vinter/vår 2026 med politisk sak våren 2026. Prosjektet skal gje føringar for budsjettarbeidet 2027 og økonomiplan 2028 - 2030

---

### **Arbeidsmiljøutval si handsaming av sak 30/2025 i møtet den 25.11.2025**

#### **Handsaming i Arbeidsmiljøutval 25.11.2025**

#### **Vedtak i Arbeidsmiljøutval 25.11.2025**

---

### **Kommunestyret si handsaming av sak 72/2025 i møtet den 06.11.2025**

#### **Handsaming i Kommunestyret 06.11.2025**

#### **Vedtak i Kommunestyret 06.11.2025**

Til orientering

---

## Kommunestyret si handsaming av sak 85/2025 i møtet den 04.12.2025

### Handsaming i Kommunestyret 04.12.2025

Ordfører Tarjei Draugedal (KRF) og varaordfører Stian Hauge (SP) la fram endringsframlegg til formannskapets vedtak:

*Ordfører si stilling reduserast frå 100% til 80%.  
Varaordfører si stilling reduserast frå 20% til 0%.*

Solveig Nekstad Grave (AP) la fram AP sitt budsjettframlegg:

*Ap legger fram å støtte kommunedirektørens forslag til budsjett med tillegg om å ta inn en ekstern ressurs for å støtte prosjektet som kommer. 100 000,- kroner legges inn i budsjettet til dette. Finansiering foreslås ved å redusere lønn for ordfører og varaordfører samt møtegodtgjørelser for kommunestyret og formannskapet.*

Gunnar Ruud (H) la fram følgjande verbalframlegg:

*Kommunedirektøren skal gje formannskapet ei økonomiorientering fast i kvart møte i 2026 med føremål å gje formannskapet løpande kjennskap til utviklingstrekk i økonomien.*

*Aktuelle tema:*

*Kjente avvik i sektorane som berører økonomien*

*Påkomne uføresette kostnader og inntekter*

*Status/framdrift i investeringsprosjekta*

*Status årsverk*

Formannskapets vedtak med endringsframlegg vart sett opp mot AP sitt framlegg

Innstilling mot Forslag frå Ap	
Innstilling 12	Forslag frå Ap 5

<i>HØGRE (2/2)</i> Gunnar Ruud Magne Wraa	<i>ARBEIDARPARTIET (5/5)</i> Bjørn Håvard Olsen Tone Martinsen Heggveit Einar Leiv Søreide Solveig Nekstad Grave Svein Henriksen
<i>SENTERPARTIET (4/4)</i> Dordi Iren Fosse Didriksen Gunnar Gulliksen Stian Hauge Tayana Saoli	
<i>KRISTELEG FOLKEPARTI (5/5)</i> Joachim Wikse Bentsen Hamish Ronald Meredith Moore (sett manuelt av Tarjei Gjelstad) Tarjei Andreas Draugedal Ellen Eggebø Jore Jonh Foldøy	
<i>VENSTRE (1/1)</i> Tor Arne Mælen	

Gunnar Ruud sitt verbalframlegg vart vedtatt mot ei røyst (Svein Henriksen AP)

#### Vedtak i Kommunestyret 04.12.2025

	2026	2027	2028	2029
Anna undervisning	kr 35 849	kr 110 676	kr 223 319	kr 223 245
Kviteseid skule	kr 264 012	kr 769 338	kr 1 519 503	kr 1 527 511
Vrådal barnehage	kr 26 854	kr 78 358	kr 158 108	kr 158 056
Brunkeberg barnehage	kr 83 037	kr 242 298	kr 488 901	kr 488 739
Kviteseid barnehage	kr 71 520	kr 208 693	kr 421 095	kr 420 955
Politisk verksemd	kr 500 000	kr 500 000	kr 500 000	kr 500 000
Kommunedirektør	kr 110 770	kr 320 625	kr 521 164	kr 525 991
Fellestenestene	kr 101 200	kr 298 301	kr 596 815	kr 591 618
Sektorleiing Velferd	kr 68 316	kr 216 177	kr 436 196	kr 436 051
Helsetenester	kr 218 187	kr 634 624	kr 1 280 526	kr 1 280 101
Kviteseid omsorgsenter	kr 242 815	kr 409 018	kr 1 326 602	kr 1 334 474
Heimetenestene	kr 162 034	kr 468 755	kr 916 476	kr 916 171
Kjøken og vaskeri	kr 33 485	kr 97 708	kr 197 153	kr 197 087
Tilrettelagde tenester	kr 239 203	kr 697 986	kr 1 408 377	kr 1 407 909
Samfunnsutvikling og teknisk drift	kr 342 719	kr 997 442	kr 2 016 763	kr 2 016 092
	kr 2 500 000	kr 6 050 000	kr 12 011 000	kr 12 024 000

<b>Drift</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>	<b>2029</b>
Redusert drift omstilling, KI og tverrgående arbeidsfordeling (0,5 - 5%)	kr (2 500 000)	kr (6 050 000)	kr (12 011 000)	kr (12 024 000)
Justert pris sal av konsesjonskraft		kr 1 140 349	kr 1 449 347	kr 1 449 347
Saldering av straum frå næringsfondet	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000	kr 1 000 000
Ingen parellklasser frå 2028			kr (390 000)	kr (945 000)
Inntekter omsorgsbustadar		kr (590 400)	kr (2 361 600)	kr (2 361 600)
Heildøgnsbemanna omsorgsbustadar			kr 4 500 000	kr 4 500 000
Auka kapasitet Straumsnes barnehage vår 2026	kr 250 000			
Planlegge og etablere SFO i Vrådal	kr 50 000	kr 208 333	kr 500 000	kr 500 000
Redusert straumforbruk 0.5GWh pga energinvesteringar	kr 170 000	kr 340 000	kr 510 000	kr 510 000
Absoluttprogrammet - Del 2 - Laget rundt bornet 0-1000	kr 450 000	kr 900 000	kr 900 000	kr 900 000
Utbytte VTK	kr (1 500 000)	kr (300 000)	kr (300 000)	kr (300 000)
<b>Investeringar</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>	<b>2029</b>
Stålandåsen Kviteseid	kr (2 500 000)	kr (2 500 000)		
Gravir Vrådal		kr (2 500 000)		
Fasade kommunehuset	kr 1 500 000			
Sentrumsutvikling Kviteseid	kr (500 000)	kr (2 500 000)		
Tømmestasjon bobil Kviteseid	kr (200 000)			
Ultralydapparat legekantoret	kr (100 000)			
Renovering leilighet Lundenjordet ved behov	kr (750 000)			

Tilleggforslag frå formannskapetets vedtak:

Ordførar si stilling reduserast frå 100% til 80%.

Varaordførar si stilling reduserast frå 20% til 0%.

Dette er berekna lik ei innsparing på kr 500 000 pr. år.

Verbalframlegg:

1. Evt ekstra rammetilskot knytt til statsbudsjett 2026 vert tilført disposisjonsfondet.

2. Kommunedirektøren skal gje formannskapet ei økonomiorientering fast i kvart møte i 2026 med føremål å gje formannskapet løpande kjennskap til utviklingstrekk i økonomien.

Aktuelle tema:

Kjente avvik i sektorane som berører økonomien

Påkomne uføresette kostnader og inntekter

Status/framdrift i investeringsprosjekta

Status årsverk

1. Handlingsprogram og økonomiplan Handlingsprogram og budsjett 2026 og økonomiplan 2027 – 2029 skal leggjast til grunn for Kviteseid kommune si verksemd i perioden.

2. Sjølvkostområder Kviteseid kommune skal ha 100 % kostnadsdekning for inneverande og framtidige år. Vedtaket gjeld følgjande områder: vatn, avløp og feiing. Området slamtømming og renovasjon er regulert av gjeldande lovverk.

3. Gebyr, avgifter brukarbetaling Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med tabellar i budsjettframlegget. Gebyr knytt til saker etter plan- og bygningslova og delingslova blir vedteke i eiga sak som følgjer budsjettet.

4. Inntektsramme for drifta Driftsbudsjettet for 2026 vert vedteke slik det går fram av skjema bevilgningsoversikt drift og økonomisk oversikt etter art - drift

5. Investeringar. Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2026 i tråd med tabellane bevilgningsoversikt – Investering og detaljert oversyn investeringar med finansiering i budsjettframlegget.

6. Låneopptak Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på inntil 23 846 000,- i 2026 og startlån på kr 5 000 000,-

7. Eigedomsskatt • For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c. • Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd. • Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.

8. Netto driftsresultat  $\geq 1,75\%$  For at kommunens økonomi skal vere berekraftig over tid, vil det ikkje vere nok at ein får ein økonomi i balanse, det er heilt naudsynt at ein også har eit overskot, slik at ein får styrka disposisjonsfondet til kommunen opp til vedteke måltal, som er eit disposisjonsfondet på minimum 5% eller meir av kommunens driftsinntekter. Kommunedirektøren føreslår difor at ein i løpet av fyrste halvår 2026 gjennomfører eit omstillingsprosjekt med mål om at ein frå 2027 skal nå måttalet om eit netto driftsresultat på 1,75% eller meir. Prosjektet skal gjennomførast vinter/vår 2026 med politisk sak våren 2026. Prosjektet skal gje føringar for budsjettarbeidet 2027 og økonomiplan 2028 - 2030

---